

Høyringsuttalelse 202526242 til konsesjonssøknad om byggjing av Lureåe kraftverk

Avisinnlegg i Rjukan Arbeiderblad 23.07.26



Blodsuging av Luråi er å gå baklengs inn i framtida.

Miljøforskarar over heile verda er semde om at menneskets naturødeleggjande aktivitet gjennom forureining og overforbruk har passera ei kritisk grense med det resultat at jordas klima er i endring. Biotopar av plante, insekt, fugle og dyreriket blir borte ein etter ein. For i det heile å bevare mennesket sitt eige livsgrunnlag er det naudsynt å snu omgåande. Det betyr ikkje berre å stoppe, men å ta fatt på restituering av øydelagt natur.

Det snakkast varmt om fornybar energi og at tapping av Luråi vil på ein positiv måte bidra til å dekke opp eit aukande kraftbehov. Alle er klar over at verdas kraftbehov blir skapt av globale kapitalistiske styringsmetoder. Desto meir kraft desto meir produksjon. Til kva? Til å fylle eit ustoppeleg oppkonstruera materialistisk behov i form av ei mengde ufornybare forureinande aktivitetar. Då er reknestykket enkelt: «Fornybar energi bruka til ikkje fornybar aktivitet er ikkje fornybart», men fører berre til ytterlegare nedbryting av natur. Luråi bør ikkje gje vatten på den mølla.

No skal me heller ikkje gløyme eventyret om mannen som skulle av stad å selge kua si. Han kom heim utan ei krone i lomma avdi han lot seg lure heile vegen. Å selge naturverdiar er enda verre, me ender ikkje opp i null, men i minus. Dei forventa klimaendringane vil koste meir enn nokon økonomi kan rette opp. No har me fått erfare kva for ei kraft det er i felles innsats. Heile nasjonen la seg på årene for at ein ball skulle trille i riktig retning. No er det slutt, eller er det det? Naturøydeleggjing er og ein ball som triller og den triller fort – i feil retning.

Av Bjønn Fauske Lysdahl

Tillegg til Høyringsuttaalelse

Vern av Lureåe i Tinn Austbygd

Noreg har inngått internasjonale naturavtaler og har forplikta seg til vern av natur, men at vern av vassdrag gir anledning til å byggje ut konsesjonsfrie minikraftverk som kan tappe elva med opptil 17% av vassføringa, som det søkast om i denne saka, er ein lunken og halvhjarta verving. Lureåe er ein del av eit større uberøra økosystem frå små bekkar til tjern og vidare i fossestryk ned åe før den forenar seg med Austbygdeåe og deretter ut i Tinnsjø. Det er i seg sjølve av vitenskapeleg verdi. Vern av natur handlar fyrst og fremst om vern av naturverdiar uavhengig av atraksjonsverdi, men Lureåe har gjennom sine vakre fossestryk og spanande landskapsutforming og ein stor atraksjonsverdi. På tross av argument om at Lureåe ikkje er ein turistatraksjon i dag har den allikevel i seg eit stort potensiale. Noreg opplever ein stadig aukande turisme på jakt etter naturperler og Noreg er kjend for sine imponerande fossefall. Lureåe er ei perle av eit slikt stryk. Den ligg sentralt i landskapet og er ein identitet for bygda. Det finst mykje kultur og historie knytt til åe, men og tilrettelagte friluftaktivitetar.

Tinn kommune har fem dråpar i sitt våpenskjold som representerar dei fem store vassdraga som renn ut i Tinnsjø. Lureåe er framleis eit uberøra fossestryk og til og med det vakraste av dei alle. Hadde det ikkje vore jevt for Tinn å vise til eit heilt uberøra stryk? Og, hadde det ikkje vore jevt for nasjonen å kunne bidra til internasjonalt naturvern med eit heilhjarta totalvern av eit så unikt økosystem som denne åe representerar? Jo, det vil det stå respekt av.

Bjønn Fauske Lysdahl